



Dette bildet kunne ha vore teke under mange julegrantenningar, men det er datert 2. desember 2005. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Julegrantenninga skal skje fredag 5. desember dette året

Det stadfestar Klara Bakke, som med det avsannar alle rykte om at tenninga skal vera ei veke tidlegare, altså fredag 28. november - fredagen før første søndag i advent. Tidspunktet for tenninga er klokka 17, opplyser Klara.

Ho reknar ellers med at programmet under tenninga blir som det plar vera, med marknad, fleire nummer ved skulemusikken og nissebesøk.

Derimot kan ho ikkje svare på kva for ein nisse som kjem dette året.

Blir det Børsdalsnissen eller ein annan?

Og utover i desember vil juleavslutningane som vanleg stå i kø uten at dei er planlagt i detalj førebels. Men det er i alle fall sikkert at skulen skal ha sin avslutning på Dønhauglåven dette året og at temaet denne kvelden er 'Nissar i Uskedalen'. Det kan bli eit spanande arrangement med preg av stor kreativitet.

Datoen er torsdag 18. desember og dagen etter er den siste skuledagen før jul.

Av Ola Matti Mathisen